

Sak 9 Endring av lover

På årsmøte i 2024 vart det gjort følgjande einstemmige vedtak når det gjeld å dela årsmøte frå Sommarens Storsamling:

Årsmøtet ynskjer å fortsetja ordninga som no, med at ein skil årsmøtet frå Storsamling/IMS Sommarfest. Det er ynskjeleg å ha IMS Sommarfest ein stad der alle kan bu, altså på Brandøy, Framnes eller Helgatun. Stad har ein dialog på år for år. Det handlar om kven som kan ta imot arrangementet til høveleg tid, og motivasjon for å ta imot storarrangementet.

Årsmøtet vert halde ein laurdag, fortrinnsvis i april. Ein prøver å rullera stad, alt etter kor IMS Sommarfest finn stad.

Under årsmøtet i 2025 set ein opp som sak at ein endrar IMS sine lover slik at dei er i samsvar med dagens praksis.

Røysting: Samrøystes

I vedtaket står det at årsmøte vert halde ein laurdag, fortrinnsvis i april. I eksisterande lover står det i § 5 at årsmøte vert halde i juni månad. Når årsmøte no er skilt frå Sommarens Storsamling/IMS Sommarfest passar det dårleg å leggja begge desse arrangementa i juni. Difor er det ynskjeleg å fortrinnsvis ha årsmøte i april og storsamlinga i juni. Men dersom det vert endring i arrangement i åra framover er det greitt å få ei formulering i lovene som ikkje gjer at lover må endrast seinare. Difor vel no å formulera lover til at *årsmøte vert halde kvat år innan utgangen av juni månad*.

I tillegg er det gjort eit par andre små endringar som går på å oppdatere ordlyden til å passa med dagens bruk.

Endringane er markert med **gult** i lovteksten.